

# HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

EKSTRANUMMER BYGGESAKA

OKT-87

KORLEIS SKAL DET NYE



HUSET TIL BUL SJÅ UT 22.

**BYGGESAKA**

Kjøpekontrakten for tomta på Tjensvoll er no godkjend av Stavanger bystyre. Det er avtala ein pris på 500 kr/m<sup>2</sup>. Dette vil medføre eit forventa utlegg for BUL på kr. 600 000 når ein tek omsyn til makebyte for ein del av BUL sin tidlegare tomt. Ein annan føresetnad er at Rogaland Idrettskrets løysar inn sin halvdel.

Byggekomiteen har fått ideskissene til nytt hus frå dei to arkitektfirmaene Leiv Nes og H.W.H. Dette ekstranummeret av HOLMGANG viser plantegningar og fasadar for begge dei to løysingane.

Det store spørsmålet er kva for ei løysing ein skal velje, og som det skal arbeidast vidare med for å få fram dei endelege byggeteikningane.

Den avgjerda ein skal ta no er svært viktig ut frå omsynet til å få eit hus som er i samsvar med behovet i dag og i framtida. Alle bør derfor sette seg godt inn i dei to løysingane og vurdere kva for ei av dei som vil vere den beste.

På dette stadiet bør ein ikkje hefte seg for mykje opp i detaljer, men tenkje "total-løysing". Kva løysing ligg nærmast opp til behovet og har ein planløysing som er funksjonell sett ut frå aktivitetane som skal drivast?

For å orientere om dei to løysingane og drøfte fordeler og ulemper med medlemmene vert det halde eit

LAGSMØTE OM BYGGESAKA  
onsdag 28. oktober kl. 1800 - 2000  
i BUL, Øvre Holmegt. 20  
MERK TIDA, OG MØT-PRESIS

Målestokk på teikningane er 1:200 (dvs. at 1 cm tilsvarar 2 m).

Kommentar frå byggenemda

Samanstilling av dei to alternativa:

	Storleik, ca m2	
	HVII	NES
Storsal	400	300
Scene	110*)	250**)
Vestibyle	135*)	200**)
Øvingssal	75	80
Peisestove	35	50
Kjøkken	40	40
Kontor	135	115
Vaktmeisterbustad	90	60
Sum	ca 1020	ca 1100

\*) Garderobe i kjeller

\*\*\*) Med garderobe

Reknar ein at gjennomsnittleg m2-pris vil ligge opp mot 7000 kr/m2 vil det seie at huset vil koste ca 7 mill.kr.


HWH-alternativet

Storsalen, som kan delast i tre ved hjelp av faldeveggar, har ein god plassering i forhold til vestibylen. Peisestova er innebygd i vestibylen, og er derfor berre brukande som kvile og diskusjonsrom (ikkje bra). Øvingssalen ligg adskilt, og kan ikkje åpnast ut mot dei andre romma (ikkje bra). Scenen har fått sin garderobe i kjellaren (ikkje bra). Det er to kontor og to møterom i 1. etg. I 2. etg. er det vaktmeisterbustad og eit møte-/overnattingsrom med minikjøkken og toalett/dusj.


NES-alternativet

Storsalen har ein god plassering og kan delast i to. Øvingssalen er lagt inntil storsalen slik at denne kan opnast heilt mot storsalen. I samband med kjøkkenet er det plassert lagr og anretning. Peisestova ligg adskilt og fyller våre krav (vil m.a. høve godt til bibliotek). Vestibylen verkar romsleg, og har ein sentralt plassert garderobe. Størrelsen på vestibylen kan kanskje reduserast. Scenen er romsleg og tilfredstillar STUI sine B-krav. Det er garderobar i tilknytning til scenen. I 2. etg. er det kontor og møterom/overnattingsrom. Her finn ein også vaktmeisterbustaden.







FASADE MOT ØST



FASADE MOT SYD




*fasade mot vest*



*Fasade mot nord*


Ark. LEIF NES




B.U.L.

Ark. LEIF NES

B




SNITT B -



ARK. LEIF NES

SNITT A - A



ØVINGSROM

STORSAL

TEKN.  
VENT.  
AGGR.

SCENE

SOV.

BOD

VASK

BAD

GANG

KJØK.

STUE

KONTOR

KONTOR

MØTE

MØTE

MØTE

VAKTMESTER  
LEILIGHET


B.U.L.

A

B


Ark. LEIF NES






Ark. LEIF NES  
PLAN UNDERETASJE







FASADE / SWITZ PLOT NORTH



FASADE PLOT WEST



FASADE / SWITZ PLOT EAST



FASADE PLOT SOUTH

Ark. HWH.

LEIKARVOLL/PARK

HIL  
BA

UTEPÆIS

PEIS

ØVINGSSAL  
75 m<sup>2</sup>

KJØKKEN  
40 m<sup>2</sup>

MØTE/  
HYBEL

KTR.

KTR.

MØTE/  
HYBEL

BK  
GARD HC

FOAJE

PODIE

STORSAL  
410 m<sup>2</sup>


SCENE  
110 m<sup>2</sup>


PODIE

N

Ark. HWH.

PARFENING 60 PLAN 1R





BUL  
U-ETG.

Ark. HWH.





RETURADRESSE: Ø. HOLMEGT. 20, 4000 STAVANGER

